

# RAPPORT

## Garmo stavkyrkje og kyrkjegardsport - Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



## Innhald

|                                     |    |
|-------------------------------------|----|
| Stavkyrkjeprogrammet                | 3  |
| Bygningshistorie                    | 4  |
| Bygningsbeskriving                  | 4  |
| Ombygging- og restaureringshistorie | 4  |
| Tilstand før stavkyrkjeprogrammet   | 5  |
| Kyrkjegardsport                     | 5  |
| Vedtaksprosess og tiltak            | 6  |
| Taktekking                          | 6  |
| Dragehovud og mønekammar            | 7  |
| Tjæring og brenning av tjæremile    | 7  |
| Andre tiltak                        | 7  |
| Konservering av inventar            | 7  |
| Kyrkjegardsport                     | 9  |
| Samandrag                           | 10 |
| Litteratur og kjelder               | 11 |
| Fotnotar                            | 11 |

### Garmo stavkyrkje

Dokumentasjon av  
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
[www.ra.no](http://www.ra.no)

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med  
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med  
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til  
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale  
kan medføre erstatningskrav og inndraging  
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Marcin Kalinski, Riksantikvaren

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.





**Maihaugen:** Garmo stavkyrkje vart flytta frå Garmo og sett opp på Maihaugen. Foto: Marcin Kalinski/Riksantikvaren.

# Garmo stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Garmo stavkyrkje stod opphavleg på Garmo i Lom, Oppland, men står no på Maihaugen på Lillehammer. Den fyrste kyrkja på Garmo vart bygd omkring 1021 og var truleg ei stavkyrkje med jordgravne stolpar. Det var då ei enkel kyrkje med eit rektangulært skip

og smalare kor, som mest truleg hadde svalgang. Seinare vart kyrkja forlenga, og i 1690 vart klokketårnet bygd. 40 år seinare vart kyrkja utvida til krosskyrkje ved tilbygging av armar i lafteteknikk. Kyrkja er ei av de siste stavkyrkjene som vart rivne, så seint som i 1882. Materiala frå stavkyrkja vart selt på auksjon før kyrkja i 1920 var reist på nytt på Maihaugen.<sup>1</sup>

## BYGNINGSHISTORIE

Frå Garmo stavkyrkje er det svert avgrensa med kjeldemateriale. Oppmåling og fotografering er hovudsakleg gjort etter og under attreisninga i 1920, då kyrkja ikkje vart målt opp ved riving. Ein har oppmålingsteikningar av

grunnmuren og i tillegg har ein eitt fotografi av kyrkja medan den framleis stod på Garmo. Biletet er teke på lang avstand og viser ikkje detaljløysingar ved kyrkjebygget.

## OMBYGGING- OG RESTAURERINGS Historie

Takflatene på Garmo stavkyrkje har vore gjennom fleire utbetringar sidan 1920. Gjennom vedlikehaldsprotokollen på Maihaugen kan ein lese at kyrkja har vorte tjæra og mellom anna fått nye mønekammar. Då stavkyrkja vart attreist på Maihaugen vart takflatene tekka med ny saga furuspon. På 1990-talet var denne sponen så slitt at museet vurderte det som



Garmo: Stavkyrkja før ho vart flytta. Foto: Riksantikvarens arkiv.

naudsynt å tekke om heile taket. Takflatene i sør var mest slitt og difor vart tekka om i 1999. Det same gjeld den nordvende takflata på våpenhuset. Arbeida med omlegging av dei øvrige nordre takflatene vart utsett sidan desse var i betre stand, og på grunn av manglande økonomi.

I 1999 vart takflatene i sør, nedre del av tårnhatten med dei to hjørnespira i sør og begge taksider på våpenhuset tekka med ny spon. Samstundes vart det gjennomført ein reparasjon av dragehovudet mot sør og monterte ny mønekam på det sydlege tverrskipet, samt på våpenhus. Etter montering vart det påført to strøk tjære på dei nye flatene.

#### **TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET**

Stavkyrkja på Maihaugen er for det meste i god stand. Trass

dårleg materialkvalitet og lange periodar utan overflatebehandling, har levetida på spontaket vore omlag 80 år. Spontaket frå 1920 var bygd opp av saga spon lagt på to lag bord, der dei øvste borda er lagt ståande. Spona hadde ein storleik på 150 mm breidde og 480 mm lengde. Tjukkuleiken var 13 mm i overkant og 22 mm nedst. Spona var spissa til i underkant. Den nedste rada av spon hadde avrunda ende. Spona hadde varierende kvalitet og myke av virket var raskvokse med ei breidde på årringane som var større enn 3 mm. Hausten 2003 vart det oppdaga lekkasjar i nordre tverrskip. Takflatene hadde enkelte røteskader og var prega av slitasje, samt at spona hadde store sprekkdanningar. Ei avdekking i juni 2004 viste

likevel at bordtaket under var uskadd.

I 2004 var tilstanden til mønekammene på kyrkja dårleg, med omfattande røteskader. Det same var tilfelle med dei to dragehovuda mot vest og nord, som var sterkt prega av røteskader, forvitring og sprekkdanningar. Samstundes var det tydeleg at materialkvaliteten på desse objekta ikkje var av den beste.

#### **KYRKJEGARDSPORT**

Etter at Garmo stavkyrkje vart rive stod berre kyrkjegarden att, med steinmur og eit mindre portbygg. Portbygningen er plassert i det syd-vestre hjørnet av kyrkjegarden og har ei grunnflate på om lag 180 x 190 cm. Portbygget har eit bordkledd tak med eit lukka loftsrom. I loftsrommet er det ei midtmast som støttar taket, som er avslutta med eit spir av tre og ein utsmidd jarnkross.<sup>2</sup> Som eit tiltak i samband med stavkyrkjeprogrammet vart det gjennomført ei istandsetjing og undersøking av denne kyrkjegardsporten ved den opphavlege kyrkjetufta til Garmo stavkyrkje.

#### **VEDTAKSPROSESS OG TILTAK**

Målet med tiltaka ved Garmo stavkyrkje har vore å heve Garmo stavkyrkje opp på eit godt vedlikehaldsnivå. Etter utbetring av nemnde skader skal det berre vere naudsynt med førebyggjande vedlikehald i åra framover.

#### **TAKTEKKING**

Ved legginga av ny spontekking<sup>5</sup>





**Spontekking:** Gamal spon frå 1920 vart fjerna og ny spon lagt på det ståande bordtaket. Foto: Kjell Marius Mathisen, Maihaugen

på Garmo stavkyrkje vart det gjort endringar i val av spon i forhold til spona som vart fjerna. Spona frå 1920 var saga, medan det denne gangen vart lagt kløyvd spon i tråd med det som tidlegare har vore tradisjon. Lengde, tjukkeleik og tilspissing av spona vart utforma med grunnlag i spona frå 1920. Unntaket var breidda av spona. Samtlege spon frå 1920 har lik

breidde, noko som gjer ei regelmessig overflate med tydlege diagonale liner. For å få det spelet i takflata som ein ser i takflatene på stavkyrkjene i Ringebu og Lom vart det lagt spon med ei varierende breidde.<sup>3</sup> Arbeida med omlegginga av dei resterande takflatene vart sett i gang ved byrjinga av 2004 og heldt fram til august 2005. All spon som vart lagt i 1920 er no

skifta ut, med unntak av spona på den brattaste delen av tårnhatten som framleis er i så god stand at ei utskifting ikkje er naudsynt. I tillegg vart vassborda på taket skift.

### **DRAGEHOVUD OG MØNEKAMMAR**

Grunna tilstanden til dragehovuda og mønekammane på kyrkja vart det vedteke å produsere og montere nye kopiar av desse. Dragehovudet på søndre tverrskip vart reparert i 1999 og ikkje kopiert, men dei to andre kopiane av dragehovuda frå 1920 vart demontert. Alle dei tre dragehovuda frå 1920 er utforma etter mønster frå den eine av dei to originale dragehovuda som er i Oldsaksamlinga ved Kulturhistorisk museum i Oslo. Ynsket var at ein ved produksjon av to nye kopiar kunne skjere dragehovuda med utgangspunkt i studiar av



**Nye dragehovud:**  
Foto: Kjell Marius Mathisen, Maihaugen





**Dragehovud:** Nye kopiar av dragehovuda vart montert. Foto: Kjell Marius Mathisen, Maihaugen

begge dei to originalane ved museet i Oslo og på denne måten få tilbake noko av den originale variasjonen i utforminga av kyrkjedekoren ved kyrkja. Den viktigaste skilnaden mellom dei to originale dragehovuda er vinkelen mellom hals og kjeft. I tillegg kunne studiar av vêrslitasjen på dei originale hovuda vise kva veg dei to dragehovuda har vore montert. Med utgangspunkt i dette vart dei to nye dragehovuda skorne med kvart sitt førebilete. Dragehovuda vart skorne ved

snikkarverkstaden på Maihaugen vinteren 2005 og montert på vest- og austgavlen i mai same år.<sup>4</sup> Virket til dragehovuda var henta frå sakteveksande furuskog. Stokken som vart nytta til dragehovud hadde 260 årringar og tømmeret hadde en gjennomsnittleg årringstjukkuleik på under 1,5 millimeter og heile hovuda er såleis laga av rein malmfuru.

Våren 2004 vart det laga kopiar av mønekammene over sakristi

og på hovudskipet aust for takryttaren. Virket som vart nytta var henta ut frå tømmer som vart felt på Maihaugen. Tømmeret var behandla på rot ved at trede både var slindrebarka og hadde redusert krone. Barkinga av trede hadde medførte ein del blåved i virket. I 2005 vart det produsert kopiar av vassborda og mønekammene over hovudskipet vest for takryttaren, på våpenhus og på nordre tverrskip. Mønekammene vart laga i to separate delar, ein tilhoggen og høvla kjøl som ligg ned mot mønet, og ein kam med saga mønster som er montert oppå kjølen ved spikring frå undersida. Virke til mønekammar og vassbord vart henta frå sakteveksande furuskog. Ein av stökkane som vart nytta til virke var om lag 300 år gamal.

#### **TJÆRING OG BRENNING AV TJÆREMILE**

I samband istadsetjinga av Garmo stavkyrkje vart det brunne tjære ved tjærevangen på Maihaugen i juni 2004 og 2005. Brenninga vart gjennomført av handverkarane ved Maihaugen. Milebrenninga er ein flott aktivitet og eit godt tiltak for å produsere tjære til bygningar på Maihaugen, samstundes som arbeidet er med på å sikre kunnskapen om milebrenning i distriktet. Milebrenningane har vore gjennomført på jonsokafta, som er ei av de største publikumsdagane på museet, med om lag 2-3000 besøkande. Ved tjæring av takflatene på stavkyrkja vart det nytta innkøkt tjære. Ved påføring av innkøkt milebrent tjære er det avgjerande å halde tjæra varm, med ein





**Tjærebrenning:** Oppbygging av tjæremile med never og tyrived. Mila dekkast med torv før den vert kveikt. Foto: Kjell Marius Mathisen, Maihaugen

temperatur på om lag 60°C. Dei nytekka takflatene mot nord vart tjæra med milebrend tjære sommaren 2004. Tjæringa skjedde frå stillas. Heile kyrkja

vart tjæra sommaren 2005, men dette året vart det nytta lift. Med tanke på tidsbruk vart det med fordel nytta lift, med ei lita kokeplate for å halde tjæra varm,

for så å føre på tjæra med ein kost med langt skaft. Effektiviteten av denne metoden var tydeleg då tidsbruken var redusert med meir enn halvparten samanlikna med tjæring frå stillas.



**Tjæremile:**  
Foto: Kjell Marius Mathisen, Maihaugen

Ved tjæring av nytt ubehandla virke er mengda tjære som vert nytta stor til samanlikning med påføring av tjære andre eller tredje gang. I 2004 vart 72 kvadratmeter med nytt spontak tjæra med eit forbruk på 100 liter tjære. I 2005 vart heile kyrkja tjæra, om lag 400 kvadratmeter, med eit totalt forbruk på 220 liter tjære. Mot sør og vest er tjærearbeidet gjennomført årleg,



heilt til det vart etablert eit tilfredstillande tjukt tjærelag.

#### **ANDRE TILTAK**

Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart vindauga i kyrkja sett i stand. I tillegg er brannsikringa av kyrkja vurdert og utbetra.

#### **KONSERVERING AV INVENTAR**

I samband med stavkyrkjeprogrammet vart inventaret i kyrkja gått over av konservatorar og det vart gjennomført små utbetringar. Tilstandsregistreringa av inventaret viste at korskiljet i kyrkja hadde behov for konsolidering, samt stabilisering, då det var dårleg festa i vegg.<sup>5</sup> Akantusbekroninga på korskiljet vart demontert og konsolidert. Alle overflater på korskiljet vart reinsa, samt at laus måling vart fastlagd og retusjert i begrensa omfang. Arbeidet vart gjennomført i 2009. I tillegg til arbeidet med korskiljet vart skipsmodellen i kyrkja sett i stand og nokre av måleria i kyrkja, samt lydhymlen over preikestolen, behandla.

#### **KYRKJEGARDSPORT PÅ GARMO**

I samband med stavkyrkjeprogrammet vart det vedteke å gjere ei enkel undersøking av kyrkjegardsporten på Garmo, etterfulgt av ei istandsetjing.<sup>6</sup> Slik portbygningen stod, hadde heile bygget ei helling mot sør og vest. Bygget mangla botnsvillen i vest i tillegg til at botnsvilla i austveggen var kraftig røteskadd. Sutakborda og dekkborda på taket var i jamt dårleg stand. Veggborda hadde berre røteskader i dei nedste delane.<sup>7</sup> Det vart vedteke å



**Tjærebreidd:** Kyrkjegardsporten ferdig istandsett. Foto: Edvin Espelund, Riksantikvaren

transportere heile kyrkjegardsporten til ein eigna stad for reparasjon. Det vart montert nye svillar og delar nær bakkenivå som var røteskadd vart spunsa. For at bordtaket skulle fungere slik det opphavleg har gjort var det naudsynt med til dels omfattande utskiftingar. Material som kunne nyttast om vart montert øvst på taket, medan det vart montert nye

takbord nedst på takflatene. Utover dette fekk taket nye dekkbord og kyrkjegardsporten vart tjæra. Dei delane av kyrkjegardsmuren som er knytta til kyrkjegardsporten vart reparert og det vart etablert nye fundament under dei ny svillane ført porten vart sett på plass.<sup>8</sup>





**Tjærebreidd:** Kyrkja ferdig tjærebreidd. Foto: Marcin Kalinski

### **SAMANDRAG**

Garmo stavkyrkje stod opphavleg på Garmo i Lom, men står no på Maihaugen på Lillehammer. Kyrkja var ei av dei siste stavkyrkjene som vart rivne, så seint som i 1882. I 1921 vart kyrkja rekonstruert og attreist. Gjennom stavkyrkjeprogrammet har kyrkja fått nye takspon og er breidd med tjære brend i mile ved museet. I samband med arbeidet med taket vart to av dei karakteristiske dragehovuda på kyrkjetaket erstatta av nye kopiar, samt at det vart montert nye mønekjølar med kam lik dei gamle. Inventaret i kyrkja er gått over av konservatorar og det er gjennomført små utbetringar,

mellom anna er korskiljet i kyrkja restaurert. Arbeidet ved kyrkja vart utført i perioden 2005-2009.



## LITTERATUR OG KJELDER

### LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005

### RAPPORTAR OG DOKUMENTASJON

Espelund, Edvin, *Tillegg og kommentarer til Rapport 4/2008 «Kirkegaardens Port», 2008*

Espelund, Edvin, *Kirkeport Garmo, 2008*.

Rapport Bygninger og omgivelser 4/2008.

Storsletten, Ola, *Rapport Bygninger og omgivelser 4/2008 "Kirkegaardens Port", 2008*.

Mathisen, Kjell Marius, *Rapport frå omlegging og tjæring av de nordre takflatene 2004-2005, 2005*.

Obel, Peter, *Restaureringsforslag Garmo Stavkirke Maihaugen, 2008*.

Stein, Mille. *Befaringsrapport, A 124 Garmo stavkirke, Maihaugen, 2007*.

### FOTNOTAR

---

<sup>1</sup> L. Anker. S.292

<sup>2</sup> «Kirkegaardens Port», Ola Storsletten.

<sup>3</sup> Mathisen, Kjell Marius, *Rapport frå omlegging og tjæring av de nordre takflatene 2004-2005, 2005*.

<sup>4</sup> Mathisen, Kjell Marius, *Rapport frå omlegging og tjæring av de nordre takflatene 2004-2005, 2005*.

<sup>5</sup> Stein, Mille. *Befaringsrapport, A 124 Garmo stavkirke, Maihaugen, 2007*.

<sup>6</sup> Storsletten, Ola, *Rapport Bygninger og omgivelser 4/2008*

---

"Kirkegaardens Port", 2008.

<sup>7</sup> Tillegg og kommentarer til Rapport 4/2008 «Kirkegaardens Port», Edvin Espelund

<sup>8</sup> Kirkeport Garmo, Edvin Espelund, 06/00175-11

